



- 7 APR 2017

SAKSGANG

Utvalg	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	06.03.2017	17/022
Eidfjord kommunestyre	06.03.2017	17/009

Godkjenning av kommunedelplan for Sysendalen**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Med unntak av eit område aust for Drøllstølsbekken (markert kvit på kart), vert kommunedelplan for Sysendalen med planomtale datert 06.02.2017 og føresegner datert 27.02.2017 og plankart datert 27.02.2017, vedteke, jf. pbl. § 11-15.

2. Fylkesmannen har motsegn til området aust for Drøllstølsbekken. Dette området kan kommunestyret ikkje eigengodkjenna, jf. pbl. § 11-16. Denne delen av planen vert sendt via Fylkesmannen til Kommunal- og moderniseringsdepartemenet til endeleg avgjerd, jf. pbl. § 5-4.

06.03.2017 - Eidfjord formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 17/022 - Vedtak:

1. Med unntak av eit område aust for Drøllstølsbekken (markert kvit på kart), vert kommunedelplan for Sysendalen med planomtale datert 06.02.2017 og føresegner datert 27.02.2017 og plankart datert 27.02.2017, vedteke, jf. pbl. § 11-15.

2. Fylkesmannen har motsegn til området aust for Drøllstølsbekken. Dette området kan

kommunestyret ikkje eigengodkjenna, jf. pbl. § 11-16. Denne delen av planen vert sendt via Fylkesmannen til Kommunal- og moderniseringsdepartemenet til endeleg avgjerd, jf. pbl. § 5-4.

06.03.2017 - Eidfjord kommunestyre
Framlegg frå Anved Johan Tveit (ESP):

Nytt punkt 3.:

Rådmannen får fullmakt til å gjera mindre kartjusteringar.

Røysting:

Samrøystes vedteke med nytt punkt 3.

KST - 17/009 - Vedtak:

1. Med unntak av eit område aust for Drøllstølsbekken (markert kvit på kart), vert kommunedelplan for Sysendalen med planomtale datert 06.02.2017 og føresegner datert 27.02.2017 og plankart datert 27.02.2017, vedteke, jf. pbl. § 11-15.

2. Fylkesmannen har motsegn til området aust for Drøllstølsbekken. Dette området kan kommunestyret ikkje eigengodkjenna, jf. pbl. § 11-16. Denne delen av planen vert sendt via Fylkesmannen til Kommunal- og moderniseringsdepartemenet til endeleg avgjerd, jf. pbl. § 5-4.

3. Rådmannen får fullmakt til å gjera mindre kartjusteringar.

Desse har uttalt seg i saka:

Særutskrift skal sendast til:

Endeleg avgjerd i: Kommunestyret

Saka gjeld:

Som følgje av Fylkesmannen i Hordaland (FM) sin protest til vedteke planforslag i kommunestyremøte 27.06.2016, har det vore ein lang prosess for å rydda i merknader og Statens vegvesen (SSV) sin motsegn til planforslaget.

Utdrag frå avtale i møte med SVV, FM og Hordaland fylkeskommune 05.10.16 oppsummera den vidare gangen;

Fylkesmannen oppfatta etter møtet at det var semje om at planen må arbeidast noko meir med, og at kommunen vil handsame den i kommunestyret på nytt, før den eventuelt går til KMD for endeleg avgjerd. Partane er vidare samde om at det i så fall ikkje bør vere trong for eit nytt formelt meklingsmøte.

Eidfjord kommune har teke til etterretning at ikkje alle motsegner som var fremja mot planen vart tilstrekkeleg handterte og løyste. Vidare vil planskildringa bli oppdatert og vurdert på nytt, jamfør Fylkesmannen si motsegn og uttale frå HFK. Kommunen vil, saman med Statens vegvesen, i første omgang drøfte dei utfordringane SVV har peika på med omsyn til trafikktryggleik og korleis desse kan løysast, t.d. gjennom endra/ supplerande føresegner. Dersom ein kjem fram til løysingar som kan akseptast, reknar vi med at ògså Fylkesmannen si motsegn basert på funna i ROS-analysen, ikkje lenger vil vere aktuell.

I etterkant av møtet gav rådmannen plankonsulenten i oppdrag å følgja opp Fylkesmannen sin merknad til ROS-analysen og samstundes oppdatere planomtalen i forhold til dei endringar som er gjort i planforslaget.

Vidare har det vore ein lang prosess, spesielt mot SVV, for å koma fram til eit planforslag i samsvar med oppsummeringa frå møtet 22.09.2016.

Saksgangen så langt:

1. Kommunestyret fatta vedtak om oppstart av planarbeidet 12.05.2014 med

planprogram og avgrensing av planområdet.

2. Fylkesmannen i Hordaland kom med uttale til oppstartsvarselet i brev datert

12.08.2014.

3. Hordaland Fylkeskommune kom med fråsegn til oppstartsvarselet i brev datert

29.07.2014.

4. Statens vegvesen gav uttale til oppstartsvarselet i brev 22.07.2014.

5. Kommunestyret vedtok planprogrammet 15.09.2014.

6. Regionalt planforum 25.08.2015.

7. Planforslag vedteke lagt ut til offentleg ettersyn 15.12.2015.

8. Statens vegvesen, uttale til planforslaget datert 11.02.2016.

9. Saksutgreiing frå Fylkesrådmann til utval for Kultur, idrett og regional utvikling datert

22.02.2016.

10. Fylkesmannen i Hordaland, samordna uttale med motsegn, datert 28.04.2016.

11. Dialogmøte med Fylkesmannen i Hordaland 08.03.2016.

12. 18.03.2016 synfaring med medlemmer av utval for Kultur, idrett og regional utvikling.

13. 01.04.2016 synfaring med representantar for Fylkesmannen i Hordaland.

14. 15.04.2016 nytt dialogmøte med representantar for utval for Kultur, idrett og regional

utvikling i Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.

15. Endringar i framlegg til kommunedelplan for Sysendalen som grunnlag for uttale

vedteke i planutvalet, datert 22.04.2016.

16. 24.05.2016 Hordaland fylkeskommune fråsegn til kommunedelplan for Sysendalen.
17. 30.05.2016 planutvalet si tilråding om godkjenning av kommunedelplan for

Sysendalen.

18. 15.06.2016, Statens vegvesen bed om drøftingsmøte.
19. 27.06.2016, kommunestyrevedtak av kommunedelplan for Sysendalen.
20. 11.07.2016, FM sin merknad til kommunestyrevedtaket.
21. 21.06.2016, SVV bed om dialogmøte, brevet motteke i kommunen 16.08.2016.
22. 01.09.2016, kommunen sitt svar til FM sine merknader i brev av 11.07.2016.
23. 05.10.2016, møtoreferat med SVV.
24. 09.01.2017, nytt møte med SVV, ny gjennomgang av føresegner

Oppsummering:

Status per 27.02.2017 er at rådmann legg til grunn at kommunen får lova tilbakemeldingar frå SVV og FM. Grunnlaget for motsegn frå SVV meiner rådmann no er rydda bort. Samstundes er planomtalen oppdatert, FM sine plantekniske merknader er følgd opp og føresegnene er oppdatert. Kommunen legg til grunn at planforslaget er klar for endeleg handsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Økonomiske konsekvensar:

Initiativtakar meiner planforslaget slik det no er utforma framleis er eit prosjekt som har betydeleg positivt potensiale for utvikling av område og næringslivet.

Juridiske konsekvensar:

Endringane i planforslaget er drøfta med initiativtakarane. Alle partar med direkte interesser har fått informasjon.

I planomtalen er lagt til grunn at gjeldande reguleringsplanar i Sysendalen framleis skal gjelda. I den grad med er motstrid mellom gjeldande reguleringsplan og kommunedelplan, går kommunedelplan forran. Til grunn for vurdering av gjeldande reguleringsplanar er utarbeidd tabellen; Nærare status for den enkelte reguleringsplan, vurdering mot ny kunnskap lagt til grunn i kommunedelplan.

Miljømessige konsekvensar:

Tiltak som er gjort i planendringa medfører at inngrep er betydeleg redusert og Eidfjord Resort sine planar bør kunna realiserast utan avgjerande negative konsekvensar for naturmiljøet.

Personalmessige konsekvensar:

Plan med Eidfjord Resort inneber auke i besøkjande i Sysendalen.

Konsekvensar for folkehelse:

Planen sikrar hovudtraseane for skiløyper og forbetrar eksisterande løysingar. Eidfjord Resort sine planar medfører eit breiare alpintilbod i Sysendalen.

Geir Underhaug
rådmann